



Harry M. Rosnes
Mongstadveien 250
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5868 - 18/19450

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
18.06.2018

Veg til Tyborgneset

Svar på brev om bygging av veg til Tyborgnes dat 22.05 18

Eigarane på Tyborgnes har hatt eit ønskje om å få ein veg fram til eigedomane i Tyborgneset og har sett i gang prosessen med å få planlagt veg. Vegen har start på Tjukkhella og over eigedomane til Rosnes fram til sjøvegen til Tyborgnes. Vegen er omsøkt og Lindås kommune har sendt den for uttale til Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland og det er ikkje kome merknader frå dei til bygging av vegen. Det er halde orienteringmøter i grendahuset på Lauvås og på hotellet på Lindås der alle som vegen berører har vore innkalla og så vidt eg hugsar så har du vore med på begge møta. Det er og søkt om løyve til avkjørsle på Tjukkhella frå Rv 57 og Statens Vegvesen har gjeve løyve til denne. Ut i frå dette, har Lindås kommune gjort vedtak om at vegen kan byggast. Vedtaket vart sendt Karstein Stene og så vidt eg er kjend med, så har du fått innsyn i dette vedtaket.

Det er søkt om statstilskot til bygging av skogsveg der du og alle dei andre grunneigarane vegen berøre har skrive under på søknaden. Ut frå dette er det vanskeleg for meg å sjå at det er moment i denne prosessen du ikkje har fått innsyn i eller vorte orientert om.

Vonar at dette er svar godt nok for spørsmåla du stiller i brev dat 26.02 og 22.05 2018..

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:



Mottakarar:
Harry M. Rosnes

Mongstadveien 5955
250

LINDÅS